Tilsetjingar

Storkurs våren 2022
grunnskule

Ei stille stund…



- Har vi eit tilsetjingsreglement som gjeld for min arbeidsplass?
- Kva er mi rolle i tilsetjingsprosessen?
- Kven tilset lærarar i min barnehage/skule?
- Har Utdanningsforbundet noko dei skulle sagt?

UTDANNINGS FORBUNDET

Kven har mynde til å tilsette? kva med tillitsvalde?

- Kven har mynde til å tilsetje?
  - Arbeidsgjevar har rett til å tilsetje, tillitsvald har rett til medverknad
- Kva rettar har dei tillitsvalde?
  - Arbeidsmiljølova gjeld alle,
  - Hovudavtalane kan vere forskjellige
- Privat eller offentleg?

HOVEDAVTALEN I KS § 3-1

d) arbeidsgiver skal, så tidlig som mulig, informere, drøfte og ta de berørte tillitsvalgte med på råd om:
   - ledige og nyopprettede stillinger
   - prosedyrer ved utlysing og kunngjøring av stillinger, utvelgelse til, og intervju av aktuelle kandidater

e) arbeidsgiver skal som fast ordning sende søkerliste til tillitsvalgte.

UTDANNINGS FORBUNDET

- Den tillitsvalde er organisasjonen sin representant
- Den tillitsvalde skal passe på at alt går rett føre seg
- Den tillitsvalde skal ta del i vurderinga av kven som er best kvalifisert til stillinga
- Den tillitsvalde kan måtte hjelpe søkarar som meiner seg forbigått
- Tillitsvald har teieplikt

UTDANNINGS FORBUNDET

Førearbeid før tilsetjing

Stillingsbehov

Skule: Oversikt over kva fag ein har behov for.

Er det ledig stilling?

- Har vi overtal andre stadar i kommunen?
- **tre- eller fireårsregelen?**
- arbeidstakarar med redusert arbeidsevne?
- førerett til stilling?
  - deltid
  - tolvmånadsregelen
  - mellombelse stillingar

Fast eller mellombels?

UTDANNINGS FORBUNDET

Fast eller mellombels?

- Rektor har fått melding om at det neste skuleår kjem fem elevar inn i 10. klasse som har sterkt behov for spesialpedagogisk oppfølging. Dei har med seg vedtak om spesialpedagogisk hjelp tilsvarande ein heil lærarstilling.

- Rektor kjem til deg og seier at denne stillinga må lysast ut som mellombels stilling, sidan det er berre for eit år

Kva seier du?

UTDANNINGS FORBUNDET

Arbeidsmiljølova § 14-9

a) når arbeidet er av midlertidig karakter,
b) for arbeid i stedet for en annen eller andre (vikariat),
c) for praksisarbeid,
d) med deltaker i arbeidsmarkedstiltak[3] i regi av eller i samarbeid med arbeids- og velferdsetaten,[4]
e) med idrettsutøvere, idrettstrenere, dommere og andre ledere innen den organiserte idretten eller
~~f) for en periode på inntil tolv måneder. Slike avtaler kan omfatte inntil 15 prosent av arbeidstakerne i virksomheten, avrundet oppover, likevel slik at det kan inngås avtale med minst én arbeidstaker.~~

UTDANNINGS FORBUNDET

NY

Utlysing

- Intern eller offentleg?
- Kva søker vi etter?
- Kva bør minimum stå i utlysingsteksten?

Utlysing

- Alle stillingar skal lysast ut, offentleg eller internt
- Opplæringslova vs. barnehagelova
- Utlysingsteksten bør innehalde informasjon om
  - stillingstittel, stillingsnemning
  - tidspunkt for når stillinga er ledig
  - arbeidsstad (for tida)
  - om stillinga er fast eller mellombels (vikariat)
  - andre relevante opplysningar om arbeidsoppgåvene/stillinga
  - krav til kompetanse
  - ønskt tilleggskompetanse
  - kva som elles vert vektlagt ved tilsetjing
  - eventuelt krav om politiattest
  - søknadsfrist og kor søknaden skal sendast
  - kontaktinformasjon mv.

UTDANNINGS FORBUNDET

Sakshandsaming

- Medverknad for tillitsvalde
  - Avhengig av tilsetjingsreglementet til arbeidsgjevar
  - Kun uttale, eller aktiv part?
  - For å vurdere kven som er best kvalifisert for stillinga, er det viktig at tillitsvalde er med i førebuing og gjennomføring av intervju.
- Registrering av søknader
  - Utvida søkjarliste
  - Søkjarliste

UTDANNINGS FORBUNDET

Grunnskule

Kompetansekrav

- Opplæringsforskrifta §14. 1.-4.ledd definerer kompetansekrav til dei ulike skoleslaga

Opplæringsforskrifta

Undervisningskompetanse versus tilsetjingskompetanse?

Ein kan ha tilsettingskompetanse sjølv om ein ikkje har undervisningskompetanse i alle fag. Når du er tilsett er det rektor som vurderar kva du er kvalifisert til å undervise i.

UTDANNINGS FORBUNDET

Skal vi kalle han inn til intervju?

Rektor kjem tilbake etter leiarmøte i kommunen. Dei har gått gjennom bunken av søkjarar og skilt "klinten fra hveten", og plukka ut dei som dei vil ha inn til intervju. Du ser at det er ein søkjar som i høve til utdanning og praksis er svært god kvalifisert, men ikkje vil bli kalla inn til intervju. Du spør rektor kvifor det er slik. Ho svarar at ein kollega hadde hatt han inne som vikar, og mannen var både eigenrådig og vanskeleg å samarbeide med. Uaktuell her, seier rektor.

Kva seier du?

UTDANNINGS FORBUNDET

Intervjuet

Før, underveg og i etterkant

Sakshandsaming

Referansar:
- Nyttar berre dei referansane søkjaren har oppgitt
- Vender ein seg til andre, må søkjaren varslast

Kontradiksjon:
Nye opplysningar som kan bety noko for kven som blir tilsett, skal gjevast til den aktuelle søkjaren, slik at denne har høve til å gje si framstilling

Avgjersla:
- Ikkje ta utanforliggjande omsyn
  - Avgjerda skal ikkje vere vilkårleg
  - Ikkje usakleg diskriminerande

NB! Det er leiar som har tilsettingsmynde.

UTDANNINGS FORBUNDET

God forvaltning

- Ikkje ta utanforliggjande omsyn
- Avgjerda skal ikkje vere vilkårleg
- Ikkje usakleg diskriminerande

Dette kan ein ikkje spørje om eller hente informasjon om:

- Graviditet, adopsjon og familieplanlegging
- Religiøse og kulturelle spørsmål
- Etnisitet
- Seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk
- Politiske spørsmål og medlemskap i arbeidstakarorganisasjon
- Helseopplysningar

UTDANNINGS FORBUNDET

Diskriminering

- Det er eigne reglar i lovverket som skal verne mot diskriminering. Det er reglar i:
  - arbeidsmiljølova (politisk syn, medlemskap i arbeidstakarorganisasjon, seksuell orientering eller alder)
  - diskriminerings- og tilgjengelighetslova (nedsett funksjonsevne)
  - diskrimineringslova (etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion eller livssyn)
  - likestillingslova (kjønn)



UTDANNINGS FORBUNDET

Habilitet

- Forvaltningslova
- Dei som deltek i tilsetjingsprosessen skal vere habile, også tillitsvalde.



UTDANNINGS FORBUNDET

Musikklæraren

Som mange andre har de denne våren søkt etter lærarar med undervisningskompetanse i engelsk, norsk og matematikk. Blant søkjarane er det ein del som har undervisningskompetanse i eitt eller fleire av faga. Likevel er det ein som peikar seg ut. Han har teke mastergrad i musikk, men har ikkje undervisningskompetase i dei tre faga. Han har tidlegare jobba som assistent ved skulen og var eit "funn" ilag med ungane. Endeleg kan vi få styr på musikkundervisninga ved skulen, og tenk kor flott skuleavslutning vi skal ha til neste år, seier rektor.

Kva seier du?

UTDANNINGS FORBUNDET

Vurdering av søkjarar

- Kvalifikasjonsprinsippet
  - utlysinga er viktig – alle søkjarar skal målast opp mot denne.
  - vurdering av utdanning, praksis og kven som er best eigna
  - lov- og forskriftsfesta utdanningskrav, utlysingsteksten og stillingsbehova som er definert for stillinga



UTDANNINGS FORBUNDET

Positiv forskjellshandsaming

- menn før kvinner i barnehage og skule
- kvinner før menn i leiarstillingar

UTDANNINGS FORBUNDET

Innstilling

- Når sakshandsaminga er ferdig, skal arbeidsgjevar skrive ei innstilling.
- Grunngjeving for prioriteringa

UTDANNINGS FORBUNDET

Kven får jobbtilbodet?

Tilsetjing

- Tilsetjingsmynde sender ut tilbod om stilling, frist for tilbakemelding og vilkår for stilling
- Dersom ikkje den første på lista tek imot stillinga, går tilbodet til andreprioriteten

UTDANNINGS FORBUNDET

Tilsetjingar

- Arbeidsavtale jmf §§ 14-5 og 14-6 i Arbeidsmiljølova.
  - Tillitsvalde kan bistå den nytilsette ved utarbeiding av arbeidsavtale

- Løn ved tilsetjing
  - Den nytilsette kan forhandle løn, sjølv om ein på våre område ofte opererer med minsteløn
  - Tillitsvalde kan bistå i slike forhandlingar

UTDANNINGS FORBUNDET

Kva rettar har søkjaren?

- Følgjer bestemmingane for einskildvedtak i forvaltningsforskriften kap 5
- Rett til innsyn i
  - utvida søkjarliste (namn, alder, utdanning, praksis mv.)
  - søknaden med vedlegg til han/ho som er innstilt eller tilsett (visse unntak for helseopplysningar)
  - opplysningar om seg sjølv som er framkomne gjennom referansar
  - skriftleg referat frå intervju
  - innstilling
  - dokument som syner dei vurderingane som er gjort av søkjaren i tilsetjingsprosessen

UTDANNINGS FORBUNDET

Klagerett

- Det er ikkje klagerett på ei tilsetjing, sjølv om dette er eit einskildvedtak
- Kan klagast til sivilombodsmannen eller likestillingsombodet og diskrimineringsombodet.
- Ei tilsetjing kan aldri gjerast om, men medhald frå Sivilombodsmannen kan gje grunnlag for erstatning i sivile søksmål.

UTDANNINGS FORBUNDET

Korleis finne fram?

- **Hovedavtalen** seier noko om samarbeidet mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde i tilsetjingssaker.
- **Forvaltningslova** handlar om all sakshandsaming i forvaltninga og gjeld for tilsettingssaker.
- **Arbeidsmiljølova** sitt kapittel 14 har reglar om tilsetting
- **Likestillingslova** seier noko om at ein ikkje kan lyse ut berre for kvinner eller for menn.
- **Diskrimineringslovene** seier noko om forbod mot diskriminering av søkarane, for eksempel etnisitet, nasjonalitet, hudfarge, religion, livssyn, nedsett funksjonsevne.
- **Barnehagelova** og **Opplæringslova** seier begge noko om kompetansekrav til stillingar i barnehagar og skular.
- **Hovudtariffavtalen** seier noko om **kvalifikasjonsprinsippet**



UTDANNINGS FORBUNDET

Lykke til!